



Arkiv nr:

Sak nr 23/2023 Møtedato: 29.09.2023 Møtestad: Buarånbue Saksbehandlar: Kenneth Monsen

S 650, Grønsenn – Klage på avslag påbygg serveringssted og utedo

NYE SAKSOPPLYSNINGAR PÅ SIDE 4

Tidlegare sakshandsaming:

Margit Bratvold har søkt om påbygg på kafe som er tidligere oppsett. Dette er ein konsekvens av at ho tidlegare ikkje fekk godkjent ulovleg plassering av utedo/rom for sal av husflid knytt til serveringsstaden. Ho oppgjer og at ho treng meir plass på kjøkkenet. Dette inneber totalt sett eit påbygg på 13 x 3,5 meter.

I tillegg planlegg ho å ha griser, og ynskjer difor å endre eksisterande bod/utedo til grisehus. Det trengst då ny utedo/skåle, og ho vil bygge dette inntil det som vert grisehus/hønsehus. Her planleggast det tilbygg på 3,5 x 3,5 meter.

Ho ynskjer og å fjerne det aggregathuset som står mellom serveringsstaden og dagens sel – dette til info.

Stølen er etter fjellova i bruk og skal behandlast etter §10 i stølsforskrift:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet. Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.

Saka er sendt på høyring. Administrasjonen ba i høyringa spesifikt om ei vurdering av mulegheit for å kunne krevje «midlertidige konstruksjonar/bygg i samband med småskala turisme. Det er komme følgjande uttaler: Statskog SF:

Jf. seterforskriften (§10) så er det fjellstyret som skal avgjøre om det kan gis tillatelse til omsøkte tiltak. Statskog skal gi uttalelse.

Statskog understreker at det i Rundskrivet M-4/2009 står under Departementets sine merknader for § 10 at «fjellstyret skal ut fra utvisningen gjøre en konkret vurdering i hvert enkelt tilfelle av hva som er nødvendig og rasjonelt med hensyn til bygninger og tekniske anlegg». Forskriften fremhever vidare at det skal være ei rasjonell utnytting av utvist seter. Hva slags produksjon er det landbrukseiendommen har og som det er behov for å benytte stølsområdet til? Stølene er til for først og fremst fôr og beite for dyra. Hovedinntekten skal være garden.

Om det er midlertidige konstruksjoner eller varige bygg er det også fjellstyret som skal ta stilling til. Når driften opphører skal også fjellstyre ta stilling til om husa skal rives. Det er ikke alle type tiltak som lar seg gjøre å gjennomføre med midlertidige installasjoner, så her må fjellstyret veie for og imot om omsøkte tiltak er en nødvendighet for å kunne drifte den cafevirksomheten som søker ønsker og om det er i henhold til hensikten med lovverket vedr bruk av stølseiendom.

Ut i fra omsøkte tiltak så kan det være vanskelig å bygge midlertidige konstruksjoner inntil/i sammen med eksisterende bebyggelse. Et alternativ kan være å settes opp enklere brakker eller lettere bebyggelse som dekker behovet i en prøveperiode. Disse kan lett fjernes igjen dersom drifta endrer seg eller når setercafeen opphører. Toalettanlegg og aggregathus er kanskje viktige bygg som det er en nødvendighet å ha på plass uansett drift.

Innlandet fylkeskommune:

Slik vi ser det er dette tiltak som uavhengig av type konstruksjon krever dispensasjon.

Tiltaket ligger i en av seterområdene som er merket med høy verdi i Valdresmuseas rapport over Stølsvidda. Hvis noe må bygges så bør det i størst mulig grad underordne seg bebyggelsen som er der fra før og vi motsetter oss forslaget fra tegningene som følger med søknaden. Det er ingen tradisjon for T-formede bygg på Stølsvidda. Et separat, midlertidig hus som bygges i en kvalitet som kan flyttes, vil være den beste løsningen.

Hvis det i forbindelse med gjennomføringen av tiltaket oppdages automatisk freda kulturminner, inkludert en Side 2 av 2 sikringsone på fem meter, skal arbeidet stanses. Det er viktig at de som utfører arbeidet også blir informert om dette. Melding om funn skal straks sendes Innlandet fylkeskommunes kulturavseksjon, jf. lov om kulturminner § 8, andre ledd.

Vestre Slidre kommune:
Ingen merknader

Det er under høyringa bedt om avklaring på dei økonomiske tilhøva i tilknytting småskala turisme sett opp i mot omfanget av den tradisjonelle drifta. Det er levert følgjande tal frå Margit Bratvold:

Inntjening på garden				
Landbruksdrift heime	salg av høy	18.480 eks moms		
Produksjonstillegg		17.448	til sammen kr 35.928	29,63%
Landbruksdrift på stølen				
Produksjonstillegg dyr		2.100		
Salg turistvirksomhet eks moms		71.184		
Salg husflid		12.650	til sammen kr 85.334	70,37%
Omsetning for 2022			kr 121.262	

Vurdering:

Hovuddelen av omsetninga her er klart tilknytta småskala turistverksemd, og ikkje til tradisjonell drift.

Når denne serveringsstaden likevel er oppført, vil ein rekne dette som under stølsforskriftens § 10 i forhold til eksisterande bruk. Når det no søkjers om utvida bruk, vil ein måtte vurdere dette opp i mot om dette faktisk høyrer inn under § 10.

Administrasjonen meiner at dersom det vert ført opp konstruksjonar som enkelt kan flyttast den dagen evt drift vert lagt ned, er det enklare å kunne akseptere at dette fortsatt inngår inn under §10. Dette gjeld særskilt i dei tilfelle det er såpass marginal «tradisjonell drift».

Ang søknad om påbygg for ny utedo/skåle pga gris på stølen er denne en forholdsvis grei sak. Dette er direkte tilknytta dyrehold og tilrås av administrasjonen.

Ang søknad om påbygg til serveringsstaden er denne todelt:

Rom for sal av husflidsprodukter/utedo til gjestar:

Her vil desse funksjonane kunne dekkast opp av eit bygg som vil kunne vere av «midlertidig karakter». Dette kan vere eit enkelt bygg som vert plassert på stabbestein/utan støypt grunnmur – som dermed enkelt kan flyttast på ved evt nedlegging av funksjonen til serveringsstaden. Det vil då ikkje vere bruk for denne funksjonen.

Stølsbrukar har sjølv valt å flytte bort det bygget som fjellstyret ikkje godtok plassering på (sjølv om fjellstyret hadde ei positiv innstilling til bygget på ei anna plassering). Dette er uheldig for saka då dette bygget med tilpasningar (fjerne pipe osv) kunne vore nytta på ein godkjent plassering. Dette har fjellstyret opna for.

Administrasjonen fremheld at eit tilpassa bygg som fungerer ut i frå føresetnader om sal av husflid/utedo er noko ein fortsatt kan tilrå, men primært sett utan støypt grunnmur (om muleg grunna terrengforhold) då det dermed får ein meir karakter av midlertidig, og kan enkelt tas bort i ettertid. Plasseringa må vere meir i tunform enn slik det vart plassert sist.

Tilbygg for utvida kjøkken:

Det er i utgangspunktet vanskeleg for administrasjonen å vurdere det reelle behovet som finst tilknytta kjøkkenet. I dag tilbys det enkel servering med kaffe/vafler og liknande. Dette er eit godt tilbod som stadig fleire nyttar – noko som er positivt for stølsgrenda og statsallmenninga generelt. Fjellstyret har uttrykt ei positiv vilje til dette tilbodet, slik at dette er klart.

Likevel må ein av presedensomsyn vurdere i kor stor grad kan ein få bygge ei større byggverk som ikkje er av midlertidig karakter når ein driv såpass marginal «tradisjonell landbruksnæring». Det vil jo være mindre realistisk å kreve riving av dette bygget om kafedriften opphøyrer. Dermed skal ein vere noko forsiktig å auke storleiken på dette byggverket om det ikkje føreligg sterke omsyn som krev eit større bygg.

Det er ingenting i søknaden her som tilseier at det krevst eit dobbelt så stort kjøkken ut over det som allereie finst, sett ut i frå eksisterande drift. Dersom ein skulle velje å akseptere eit tilbygg, kan det vere ein tanke å setja krav til riving, dersom drift av serveringsstaden opphøyrer. Då vil det ihvertfall vere klart for stølsbrukar kva som skjer når den omsøkte bruken og grunnlaget for bygget opphøyrer. Dette ville uansett ikkje påverke stølsbygga, berre dei bygg som er ført opp tilhøyrande drifta «småskala turistverksemd».

Lokal byggeskikk:

Det omsøkte påbygget vil i utgangspunktet ikkje vere i tråd med lokal byggeskikk. Då dei innsendte byggeteikningar ikkje er i tråd med lokal byggeskikk, er dette åleine eit avslagsgrunnlag. Dersom fjellstyret vel å godkjenne alle omsøkte funksjonar/deler av funksjonane (eks berre påbygg for kjøkken) – vil dette uansett krevje nye byggeteikningar etter administrasjonen si tilråding.

Oppsummert:

Jfr tidlegare godkjenning, både av serveringsstad og uthus/utedo (med feil plassering), tilrår administrasjonen at dette vert handsama etter stølsforskriften § 10. Det er landbruksdrift på garden/stølen, om enn marginal sett opp i mot omfanget av småskala turistverksemd på stølen.

Det tilrås godkjenning av påbygg på eksisterande hønehus som omsøkt, då dette er dirkete knytt til husdyrhald.

Det tilrås ikkje godkjenning av omsøkte teikningar grunna dette er i strid med lokal byggeskikk. I tillegg er det eit argument at påbygg til kjøkken neppe kan seiast å vere naudsynt i høve til den drift som finst der i dag. Det er ikkje skissert noko anna drift som gjer at denne nytta aukar.

Når det gjeld funksjon som rom for husflidsprodukter/utedo har fjellstyret tidlegare hatt ei positiv haldning til dette. Ein tilrår at denne positive haldninga fortsetter, men at ein stiller krav til eit bygg av «midlertidig karakter», og med ei plassering som er i tunform.

Slik plassering/byggeteikningar av dette «midlertidig bygget» for husflidsprodukter/utedo må godkjennast i ettertid. Med tanke på historikken i denne saka kunne det vore greitt om dette hadde komme til fjellstyret som ei ordinær byggesak i etterkant.

Framlegg til vedtak:

Med heimel i stølsforskrifta § 10 gjer Vestre Slidre fjellstyre følgjande vedtak:

1. Avslag på tilbygg til serveringsstaden. Dette med grunngjeving at innleverte teikningar er i strid med lokal byggeskikk. I tillegg kan ikkje fjellstyret sjå at det er eit reelt behov for utvida kjøkken med dagens drift. Når det gjeld funksjonar som rom for sal av husflidsprodukt/utedo til gjestar kan dette løysast med ein nytt bygg av «midlertidig karakter» som vert plassert i tunform. Dette må det sendast inn ny byggesøknad i ettertid.
2. Godkjenning av teikningar for tilbygg på hønehus/utedo for sel. Dette med grunngjeving at dette føres opp med grunnlag i dyrehald/tradisjonell landbruksdrift.

Behandling:

Tillegg til punkt 2: Uthus for dyr/utedo skal vere uisolert.

Nytt punkt: Grunnmur/restar av tidlegare ulovlig plassert hus må fjernast i det heile før bygging på hønehus/utedo for sel kan iverksetjast.

Vedtak:

Med heimel i stølsforskrifta § 10 gjer Vestre Slidre fjellstyre følgjande vedtak:

1. Avslag på tilbygg til serveringsstaden. Dette med grunngjeving at innleverte teikningar er i strid med lokal byggeskikk. I tillegg kan ikkje fjellstyret sjå at det er eit reelt behov for utvida kjøkken med dagens drift. Når det gjeld funksjonar som rom for sal av husflidsprodukt/utedo til gjestar kan dette løysast med ein nytt bygg av «midlertidig karakter» som vert plassert i tunform. Dette må det sendast inn ny byggesøknad i ettertid.
2. Godkjenning av teikningar for tilbygg på hønehus/utedo for sel. Dette med grunngjeving at dette føres opp med grunnlag i dyrehald/tradisjonell landbruksdrift. Uthus for dyr/utedo skal vere uisolert.
3. Grunnmur/restar av tidlegare ulovlig plassert hus må fjernast i det heile før bygging på hønehus/utedo for sel kan iverksetjast.

Vedtaket er samrøystes.

Nye opplysningar/ Handsaming av klage:

21/9-2023 mottok Vestre Slidre fjellstyre klage på vedtak i sak 20-23. Klagen er rettidig, og skal dermed handsamast.

Klaga er vedlagt, så den vert ikkje referert.

Utforming av tilbygg til kafebygning:

Det er eksempel som er vedlagt er ikkje like som det tilbygget som vart planlagt. Dette har difor ingen direkte overføringsverdi. Det T-bygget på Grønsenn som er referert (2 bygg der...) er anten med «nasa-sval» som er ein meir vanleg byggeskikk, eller eit påbygg som gjev eit vinkelbygg. Difor ikkje samanliknbart.

Funksjon for utedo/sal av husflidsprodukter:

Fjellstyret har gjeve ei positiv haldning til eit slikt bygg, men det skal først opp som ein midlertidig konstruksjon som lett kan flyttas ved opphør. Det argumenterast med at eit bygg utan støpt grunnmur ikkje er mogleg grunna værforhold. Det kan ikkje stemme, då det er mange tiltak som kan gjerast for å unngå dette, eks grave ned stabbestein som dermed frys fast i bakken/sikre sviller med wire ned mot stabbestein osv. Bygget vert dermed sikra på tilnærma same måte som ein bolting av sviller ned i ein grunnmur.

Fjellstyret gjentek at det bygget som klager på eige initiativ no har flytta bort kunne vært nytta med ein anna plassering og utan grunnmur. Bygget var jo i utgangspunktet godkjent. No i ettertid er det komme krav om at eit slikt bygg ikkje skal ha pipe osv, men dette er ein enkel tilpasning.

I dette bygget var det jo både utedo og plass for sal av husflidsprodukter. Evt kunne dette vore tilpassa med eit enkelt skråtak, slik at aggregatet kunne vore plassert der og. Då hadde ein samla alle funksjonar i eitt midlertidig bygg.

Dersom det ikkje er aktuelt å vurdere tilbakeføring av dette bygget (med ny godkjent plassering), er fjellstyret positiv til å sjå på andre forslag til midlertidig bygg. Dette må uansett sjåast på ved ein ny søknad, og ikkje i denne klagesaka. Dette sidan evt godkjenning av bygg krev nye vedtak, samt komplette byggeteikningar.

Funksjon for utvida kjøkken/areal for servering:

Det vises til argumentasjon i førre sak, der fjellstyret må vurdere presedensverknad av å tillatte eit større bygg som ikkje er enkelt å flytte på ved evt nedlegging av kafevirksomheten.

Servering av kvikaker/vafler/karbonadesmørbrød/rømmegraut er fortsett under det ein kan anse som «enkel servering». Det er difor ikkje komme nye opplysningar her som tilseier at den vurderinga fjellstyret gjorde i førre sak endrer seg ang storleik på kjøkken.

Det er eit nytt moment i klagesaka som dreier seg om utvida areal for servering, og det vises til større grupper som krevjer mykje meir areal. Dersom ein skal legge opp til inneservering med 45 personar (eller fleire i neste runde), vil dette krevje ein heilt anna bygningsmasse enn det som står der no i dag. Dette er ikkje ynskjeleg frå administrasjonen sin side, ikkje med ein såpass marginal landbruksdrift som grunnlag. Dette vil kunne ha ein veldig stor presedens som vil kunne endre stølslandskapet i stor grad, då fleire vil kunne søkje om slike serveringssted og bygge større bygningskompleks med marginal landbruksdrift som grunnlag.

Det vil etter administrasjonen sitt skjønn vere meir riktig å diskutere løysingar å innreie serveringsdelen betre for å kunne ta imot enkeltgrupper som er store. Dette kan gjerast med enkle tiltak som eks nedfellbare langbenker inntil veggen som berre nyttes ved store grupper. Eit anna alternativ er uteservering evt med seilduk som tak m.m. som kan dras over som er eit midlertidig tiltak. Dette for å kunne utvide serveringstilbodet ved dårleg vær. Dette er og eit bygningstiltak som er enkelt å ta bort ved opphør av driften.

Uansett dreier denne klagesaka seg om eit avslag på det omsøkte T-bygget. Dette bygget er avsege grunna hovudsakleg at det strid med lokal byggeskikk, jfr uttale frå Innlandet fylkeskommune. Det er ikkje komme nye opplysningar i saka som endrer dette.

Evt nye bygg/byggeteikningar kan ein ta stilling til ved ein ny og revidert søknad.

Riving av grunnmur:

Det er ikkje komme noko forklaring/argumentasjon på kvifor denne grunnmuren bør kunne få stå, og heller fyllast med pukk.

Ein ser ingen grunn til å kunne oppretthalde denne grunnmuren, då den neppe vil kunne få ein reell funksjon. Den lå uansett såpass langt unna «tunform», som jo nettopp var grunnlaget for at plasseringa ikkje vart godkjent. Administrasjonen tilrår å oppretthalde kravet til riving før nye tiltak igangsettes.

§10 vs marginal landbruksdrift

Statskog fremheld at det skal vere ei rasjonell utnytting av stølen, der hovudinntekt skal vere garden. I denne saka kan det tyde på at hovudomsetning er nettopp turistverksemd.

Grunna tidlegare godkjenning har administrasjonen halde frem med å nytte § 10, då det faktisk er landbruksdrift på garden/stølen – om enn marginalt. Vedtak 20-23 som er grunnlaget for klagen, er heller ikkje påklaga av Statskog. Dette er evt ei avklaring landbruksdirektoratet må komme med dersom det er slik at denne drift som skjer på denne garden/stølen er såpass marginal sett opp i mot turistverksemda, at Seterforskrifta § 10 ikkje er rett heimel.

Det føreligg følgjande oversikt frå landbrukskontoret over registrert drift som er omsøkt gjennom tilskott:

1/3-2017	3 kalver heile året.
1/3-2018	0 kalver, solgt før
1/3-2019	0 kalver, solgt før
1/10-2020	5 kalver på beite, solgt før
1/10.2021	3 kalver på beite, solgt før
1/10-2022	4 kalver på beite, solgt før, 6 verpehøner
1/3-2023	5 verpehøner

Oppsummert:

Det er ikkje komme frem nye moment i saka som gjer at administrasjonen tilrår eit anna vedtak enn det som vart fatta i sak 20/23.

Evt nye byggeteikningar bør fremjast som eige sak med ny høyring og påfølgjande nytt vedtak.

Fjellstyret vil nok ein gong berømme Margit Bratvold for eit flott tiltak med stølskafe, som er godt mottatt blant besøkande i nærområdet. Ein håper og trur at ein finn gode løysingar for å ivareta drifta, som og ivaretek forholdet til ein utvida presedens og byggeskikk slik at stølspreget vert ivaretake og oppretthalde.

Framlegg til vedtak:

Vestre Slidre fjellstyre finn at det ikkje føreligg nye, vesentlege opplysningar i klagesaka som gjer at vedtak 20/2023 skal endrast. Ein vidaresender difor denne saka til Statskog/Landbruksdirektoratet for vidare behandling.

Vedtaket er samrøystes.

Vestre Slidre fjellstyre den 02.10.2023

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Statskog
Vestre Slidre kommune
Innlandet fylkeskommune
Stølsbrukar (kopi hennar advokat)